



Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandler, innvalgtelefon
Magne Nesse, 5557 2335

Vår dato
29.6. 2017
Deres dato
28.6.2017

Vår referanse
2016/10630 461.5
Deres referanse

Lindås kommune

Løyve til sprenging/utdjuping i sjø for legging av vassleidning for Lindås kommune

Fylkesmannen i Hordaland gjev Lindås kommune løyve til å sprengje/utdjupe ca. 400 m³ faste massar i Rissundet, Austresundet, Hopevågen og Mjåsundet i Lindås kommune. Føremålet med utdjupinga er å legge ny vassleidning. Massane skal nyttast til omfylling av vassleidning. Løyve er gjeve med heimel i forureiningsforskrifta § 22-6.

Vi viser til søknad frå Norconsult på vegne av Lindås kommune datert 28. juni 2017 og tilleggsopplysningar i e-postar datert 29. juni 2017

Søknaden

Lindås kommune skal etablere ny oversøringsleidning for vatn mellom Sjursetvatnet og det nye vassbehandlingsanlegget ved høgdebassenga på Litlås/Mongstad. Den omsøkte traséen kjem i sjø og i vassdrag og i grøft på land. I Risøysundet og Mjåsundet må leidningen sprengast ned i sjøbotnen og ved dei to landtaka.

Søkjar skriv om tiltaket:

Grøft i landtak Austresundet og Hopevågen/Storevika

I sjøbunn vil grøften bli ca. 15 meter lang. Dette for å skjule ledningen i strandsonen. Vi antar at det er noe løsmasser, sand/grus, som fjernes først, for siden å bore og sprengje tilstrekkelig for å få lendingen ned under sjøbunn inne i landtaket.

Grøftedynde maks. 1,5 meter, bunnbredde 1, meter. Med 0,8 meter sprengning tas det ut ca. 1,2 m³/meter grøft, til sammen ca. 18 m³ fast volum pr. landtak.

Etter at grøften er tatt ut, legges ledningen slik at den hviler på belastningsloddene før uttatte masser benyttes ved tilbakefyllingen. Overskuddsmasser planeres ut ved grøften, eller tas opp dersom det ikke er anvendelig plass for dem.

Boring/sprengning vil utføres så skånsomt som mulig for å unngå oppriving. For reduksjon og kontroll av trykkbølge vil det bli lagt fordemming i topp borhull. Det bores tett med serie 11 eller serie 12-bor (hulldiameter ca. 40 mm) og sekvensiell tenning. I landtakene vil det trolig bli sprengt i èn salve.

Grøftesprengning i sjø Rissundet og Mjåsundet

I Mjåsundet er det foretatt enkel bonitering og det antas at massene i Rissundet er tilsvarende lik. Løsmasselaget kan være opptil 1,0 meter, dvs. det må sprenges ut i dybde 0,5-0,8 meter, bunnbredde maks. 1,5 meter. Volum av uttatt berg beregnes også her til ca. 1,2 m³/meter grøft.

Boring og sprengning utføres tilsvarende arbeidene i landtakene, med fordemming og sekvensiell tenning. Grøftene vil bli tatt ut i korte strekk av gangen, hvor lange må avklares på stedet.

Uttatte masser legges tilbake i gjenfyllingen, overskuddsmasser plasseres langs grøften om det er mulig av dybdehensyn, alternativt tas de opp. Grøftelengde i Rissundet ca. 200 meter og i Mjåsundet ca. 120 meter. Totalt vil det bli tatt ut ca. 400 m³ i sprengningen, mindre om det er mer løsmasse i sundene.

Utførelsestidspunkt

Hele prosjektet skal være ferdigstilt innen utgangen av mai 2018, iht. avtale mellom Statoil og Lindås kommune.

Sjøarbeidene vil ikke ta særlig langt tid i forhold til arbeidene på land. Iflg. framdriftsplanen skal sjøarbeidene være ferdige innen medio januar 2018, dvs. ferdigstillelse av grøfter og vannledning.

Uttak av grøfter vil trolig være ferdig medio desember 2017.

Utførende entreprenør for grøfting i sjø er Sjøentreprenøren AS. Ledningsarbeidene utføres av IMC-Diving AS. Begge firma innehar tiltaksklasse 3 for sine arbeider og har levert og få godkjent søknad om ansvarsrett for sine respektive arbeider.

Det biologiske mangfaldet i leidningstrassen i sjøen er dokumentert av IMC Diving AS i rapport¹ datert 16. februar 2017.

Sakshandsaming

Vedlagt søknaden er det uttale fra Lindås kommune som planmynde, fra Bergen og Omland havnevesen som mynde etter havne- og farvannslova og Fiskeridirektoratet. Uttale er innhenta i samband med at søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova blei sendt på høyring hausten 2016.

Lindås kommune har gjeve dispensasjon fra kommunedelplan og rammeløyve etter plan- og bygningslova for tiltaket i vedtak hhv. 25. november 2016 og 14. juni 2017.

BOH har i løyve av 9. januar 2017 gjeve løyve til tiltaket etter havne- og farvannslova.

Fiskeridirektoratet har i uttale i samband med handsaming av løyve etter havne- og farvannslova bedt om at loddna blir lagt med avrunda kantar så ikkje fiskereiskap fester seg i loddna og har ikkje merknader utover det.

¹ "Kartlegging av bunnforhold og marin biodiversitet i forbindelse med ny sjøledning fra Storevik til Risøy". IMC Diving AS

Fylkesmannen si grunngjeving

All mudring/utdjuping utført frå skip er forbode med mindre det er gjeve løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6. Fylkesmannen er mynde etter forskrifta og skal vurdere søknader etter Miljødirektoratets rettleiar M-350/2015 "Handtering av sedimenter".

I dette tiltaket er det i hovudsak fast fjell som skal fjernast med undervassprenging og nyttast som tilbakefyllingsmassar rundt vassleidninga. Det er ikkje teke prøvar av botn. Krav om sedimentundersøkelser kan utelatast, dersom det ikkje er kjende forureiningskjelder i nærleiken. Det er innhald av tungmetall og organiske miljøgifter i botnsedimenta som skal undersøkast. Typiske forureiningskjelder er skipsverft, industri og gamle avfallsdeponi med utslepp av miljøgifter. Etter Fylkesmannens vurdering er det ikkje kjende forureiningskjelder i nærleiken og Fylkesmannen meiner ut frå dette at det ikkje er grunn til å mistenke at sjøbotn som skal utdjupast er forureina av miljøgifter. Rapporten viser at særskilt sårbar naturfaglege førekomstar ikkje er påvist i det marine tiltaksområdet.

Tiltaksområdet ligg innafor område som er foreslått verna som marint verneområde, "Lurefjorden og Lindåsosane". Fylkesmannen påklaga dispensasjonen etter plan- og bygningslova pga. manglande dokumentasjon av naturmangfald som kunne bli påverka av tiltaket. Fylkesmannen trakk klagen i brev av 24. februar 2017 då slik dokumentasjon blei innhenta av Lindås kommune.

Sprengingsområdet i Mjåsundet ligg i ytterkant av eit gyttefelt for torsk kalla "Rissaosen – aust av Njøten". Gyttefeltet er avmerkt i Fiskeridirektoratets kartløysning. Fylkesmannen legg vekt på uttale frå Fiskeridirektoratet. Sprengingsarbeidet skal skje utanfor gytetid som av Fiskeridirektoratet i liknande saker er definert som perioden januar – april. Av omsyn til fisk i området set vi vilkår om bruk av sprengingsteknikkar som reduserer trykkbølgjene ved sprenginga slik som tetting av borehull (fordemming) og eit hol tenning (kvart borehol sprengast for seg med forsinkelse til neste hol). Dersom det viser seg at sprengingane gjer skader på fisk i nærleiken av tiltaksområdet, skal tiltakshavar vurdere behov for å sette av en liten ladning i vatnet kort tid før hovudladningen vert sprengd.

Eventuelle skyteleidningar, plastavfall m.m. skal samlast opp.

Både forureiningssituasjonen og naturmangfaldet er kartlagt, og kravet i naturmangfaldlova § 8 om at saken skal baserast på eksisterande og tilgjengelig kunnskap, er dermed oppfylt. Kunnskapsgrunnlaget for tiltaket vert vurdert som tilstrekkelig, og føre-var prinsippet i § 9 i naturmangfaldlova er ivaretatt ved at tiltaket er regulert med vilkår etter forureiningslova.

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. Ut frå Fylkesmannens tidsbruk i denne saka, tek vi gebyr etter sats 7, 9 300 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.

Endring og omgjering

De pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningstilhøva endrar seg, kan Fylkesmannen med heimel i forureiningslova § 18, endre vilkåra i løyvet og sette nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake.

Rett til å klage

De har fått løyve til utdjuping. Dersom det likevel skulle være noe de ønskjer å klage på, inkludert vedtak om gebyr, kan de klage til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker etter at de har motteke dette brevet. Klagen bør vere skriftleg grunngjeven, og skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Stein Byrkjeland
assisterande miljøvernsjef

Magne Nesse
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: Løyvet med vilkår

Kopi med vedlegg:

Norconsult
Fiskeridirektoratet